



Byggmester Romarheim As  
Kolåsvegen 122  
5955 LINDÅS

Referansar:

Dykkar:

Vår: 23/1686 - 23/13776

Saksbehandlar:

Marit Nedreli

marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:

13.06.2023

## Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 111/74 Øvre Raknes

Kommunen syner til melding om tiltak utan søknadsplikt mottteken 30.05.2023.

Det er i meldinga mellom anna skrive at meldinga gjeld oppføring av tilbygg på 11 m<sup>2</sup> og dato for ferdigstilling er 01.01.2024. Kommunen er difor usikker på om tiltaket er eller skal utførast.

Kommunen legg til grunn at denne typen tiltak skal meldast til kommunen innan 4 veker etter at det er ferdigstilt, jf. forskrift om byggesak § 4-1, 4. ledd.

Vidare er føresetnaden for å føre opp tiltak utan søknad at tiltaket mellom anna er i samsvar med gjeldande arealplan. Tiltaket ligg i arealdelen i kommuneplanen i LNF-område og det er dermed krav om søknad om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5 bokstav a, jf. § 19-1.

Saman med melding om tiltak utan søknadsplikt er det vidare synt til fleire andre tiltak. Det er mellom anna opplyst at 3 av fasadane skal endrast og innvendig planløyising i bygget skal endrast, jf. vedlegg E-1.

Kommunen vurderer at innvendig endring og fasadeendringane medfører hovudombygging og bruksendring av heile bygningen, og at dette er søknadspliktig tiltak, jf. plan- og bygningslova § 20-1, 1. ledd, bokstav c og d.

Dersom desse tiltaka er aktuelle må det sendast inn søknad om fasadeendring, ombygging og bruksendring til einbustad, jf. plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2, 20-3 og 21-2, jf. forskrift om byggesak § 5-4.

Frist for tilbakemelding er 17.08.2023.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

---

**Post**

post@osteroy.kommune.no  
Postboks 1  
5293 Lonevåg

**Kontakt**

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

**Konto**

Org.nr. 864.338.712

---

**Mottakarar:**

Byggmester Romarheim As  
Nordhordland Indremisjon

Kolåsvegen 122  
Holtermandsvegen 3

5955  
5918

LINDÅS  
FREKHAUG